


Velkommen som utstillar på Jul i Rosendal 2019.  
Marknaden er open laurdag 30.november 2019. Kl 10.00 - 16.00



Marknadsområdet vert som dei siste åra i underetasjen på Eurosparbutikken i Skålagato.

Du må tilby lokalt laga handtverk eller matprodukt for å få bod-plass. Vi ønskjer ikkje vidaresal av masseproduserte varer.

**Jul i Rosendal syter for:**

Bod på eit fint pynta marknadsområde.

Det er ingen møblering i boden. Men du kan tinge bord (80x120) og stol ved påmelding.

Ein stikkontakt i kvar bod og enkel tak-belysning i lokalet.

Gjestenettverk for datatrafikk på marknadsområdet.

**Påmelding:**

Påmelding vert gjort skriftlig ved å fülle ut påmeldingsskjema på [heimsida](#).

Medlemmer av JIR har førerrett ved tildeling av plass fram til 20.august.

Etter 20 august fyller vi opp marknaden med dei som melder seg på og betalar først.

Bodplassene vert tildelt fortløpande etter at betalinga er registrert.

Utstillar får melding med bekrefting på e-post om bodplass.

Du kan betale påmeldingsavgift på VIPPS 541168

eller til kontonummer **3460.12.69491**.

Hugs å betale for alt du tingar.

Ved overføring i bank hugs å skrive kva betalinga gjeld.

Om du ikkje får plass vert heile påmeldingsavgiften refundert.

**Prisar:**

Bodplass for medlem som ikkje er momspliktig 600,-

Bodplass for medlem som er momspliktig 1200,-

Bodplass for ikkje medlem som ikkje er momspliktig 800,-

Bodplass for ikkje medlem som er momspliktig 1500,-

Leige av bord/stol kr 50,- pr del.

**Som utstillar**

Er du ansvarleg for å føre deg i følgje norske lover mellom anna i høve økonomi og hygienekrav.

Syter du for at boden din framstår som fin heile opningstida kl 10-16. Ingen ryddar eller avsluttar boden sin før marknaden stengjer.

Tek du med deg skøyteledning og det du treng for presentasjon av produkta; hylle, stativ, ev. bord, stol, belysning.

**Medlem i JIR:**

Alle som hadde bod på julemarknaden i 2018 er medlemmer i Jul i Rosendal for 2019.

Medlemskapen i 2019 gjev deg førerrett og redusert pris ved tildeling av bod.

Dersom du ynskjer å verta medlem i JIR 2019 sender du ein e-post til [post@julirosendal.no](mailto:post@julirosendal.no) med namn og e postadressa di. Samstundes betalar du kr 100,- på VIPPS eller til kontoen vår - sjå over.

Følg Jul i Rosendal på [www.julirosendal.no](http://www.julirosendal.no) og facebook for nyhende i høve marknaden

Om boden:

Bakvegg i boden er oftast mur.

Sideveggene i boden er av stål.

Det vil vera ei lekte av tre i framkant av boden.

Denne er pynta med grønt og ljøslenke når du kjem.

Det er ei tre-lekte i bakkant av boden som du kan feste lette ting i.

Boden er 2 meter brei x 2,20 meter djup mellom veggene.

Du kan nytte inntil 1 meter rett framfor boden din slik at golvplassen til saman vert vel 6 kvm.

Veggene er 2 meter høge.

Bodene vil stå klare fredag 29. nov. kl 17.00. Då kan dei som ynskjer det gjera klar/pynta.

Om du har tinga bord og eller stol er det på plass då.

NB! Området stengjer kl 20.00. fredag kveld.

Laurdag opnar området for utstillararar kl 08.00.

Hugs Gode sko og varme sokkar og klede.

Hugs Skøyteledning

Hugs å pynte boden din inni - nytt gjerne lyslenker.

NB! Det er ikkje høve til å nytte levande ljøs på marknadsområdet.

Vi gler oss til å sjå alt det fine, gode og flotte du har laga.

Spørsmål? Mail til [post@julirosendal.no](mailto:post@julirosendal.no) eller ring Annbjørg Fossberg 990 42 351 (gjerne etter arbeidstid)